

Førde, 20.09.2020

Innspel – Forslag om flytting av opningstidspunkt for fv. 613 Gaularfjellet – Nasjonal Turistveg Gaularfjellet

Om Sunnfjord Utvikling

Sunnfjord Utvikling AS er nærings- og tiltaksapparatet til Sunnfjord kommune og næringslivet i Førde, Gaula, Jølster, Naustdal. Føremålet til selskapet er å bidra til utvikling i Sunnfjord. Selskapet er eigd av Sunnfjord kommune samt næringslivet i området. Sunnfjord Utvikling har også rolla som destinasjonsselskap for Sunnfjord Kommune og marknadsfører reiselivet under namnet «Visit Sunnfjord».

Vinterstenging av fv. 613 Gaularfjellet

Vestland fylke har sendt ut forslag om å flytte tidspunkt for opning av vegen frå 2 mai til 1. juni med grunngjev at vegen normalt er skredutsett i mai. Fjellet skal være stengt frå 1. desember, eller til første snøfall som krev brøyting. Det er ressurskrevjande å frese vegen opp for opning til 2. mai, for deretter å måtte stenge i korte og lengre periodar.

Vintersesongen 2020

I brev datert 28.08 om saka, blir det frå Vestland Fylke argumentert med at vegen er skredutsett til langt ut i mai og det blir vist til data frå 2020. Sesongen 2020 var spesiell med særleg mykje snø i fjellet. Både mengda med snø og skredfare vil variere frå år til år. Det finnes eksempel på år der det har vore betydeleg mindre snø i fjellet og mindre skredfare i mai månad enn kva tilfellet var i 2020.

Sesongutviding og auka verdiskaping

Reiselivsnæringa langs NT Gaularfjellet har over lang tid arbeidd for å utvikle tilbodet langs strekninga. Samspelet mellom enkeltbedrifter, bedriftsnettverk, Nasjonale Turistvegar, og destinasjonsselskapa på begge sider av fjellet og virkemiddelapparatet har vore godt og ein har utvikla strekningen til å bli en attraksjon med brei appell også utanfor Norges grenser.




Covid-19

Reiselivsnæringa står oppe i ein svært vanskeleg situasjon som ein følge av Covid-19. Mange aktørar i næringa kjemper for å overleve. Når reiserestriksjonane blir oppheva er det vesentlig at det ikkje blir lagt andre hindringar i vegen for at næringa og enkeltbedrifter skal kunne reise seg igjen etter krisa.

Konklusjon

Det vil ha negative konsekvensar, særleg for reiselivsnæringa, å reduserer tilkomsten til NT Gaulearfjellet ved å utsette opninga av strekninga frå 2. mai til 1. juni. Vestland fylke må som eit minimum behalde opningstidspunktet som i dag og heller arbeide for auka tilgjengelegheit for reiselivsprodukt i Vestland Fylke og tidligare opning av Nasjonal Turistveg Gaulearfjellet.



Vidar Slettehaug
Spesialrådgjevar
Sunnfjord Utvikling AS